



KYSTPASS 2020



30 RAMSALTE TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

Naturopplevingar for livet!

Sotra Øygarden Turlag





Historia bak Kystpasset

Sund turlag starta opp våren 2012. Fredrik Mortensen var den første leiaren og tok initiativ til å lage Kystpasset. Målet var å gjere dei ulike turløypene meir kjend og å inspirere fleire til å kome seg ut på tur. I tillegg til turar har Kystpasset hatt informasjon om aktuelle tema innan friluftslivet. Sponsormidlar frå Sparebanken Vest og andre firma i kommunen gjorde at Kystpasset kunne leverast ut gratis. Dei første åra delte vi ut Kystpasset i alle postkassane. Etter kvart som Kystpasset vart kjend slutta vi å dele det ut i postkassane og det vart i staden tilgjengeleg på butikkar, bensinstasjonar, bibliotek og servicetorg. I 2019 ynskte fellesnemda i Nye Øygarden å lage eit felles Kystpass for heile den nye kommunen. Det var tilsaman 30 turmål, 10 frå kvar av dei gamle kommunane. Dette vart populært i heile kommunen og ein vart kjend med nye turmål.

I samband med kommunesamanslåinga bestemte tre av turlaga i dei gamle kommunane seg for å slå seg saman til eitt turlag under DNT paraplyen. Sotra-Øygarden turlag, Fjell turlag og Sund turlag vart til Sotra Øygarden turlag. Stiftingsmøte var 12. februar 2020.

Kystpasset held fram med 30 turmål. I tillegg vil vi ha turprogram som ein finn lengre bak i dette heftet. Alle aktivitetar vil bli lagt ut på Facebooksida vår (følg oss gjerne) og på heimesida vår: sotraoygarden.dnt.no. Aktivitetar som vert publisert etter lanseringa av Kystpasset finn de på nett. De finn også meir informasjon om Kystpasset på heimesida vår.

God tur!

God tur!

Innhold:

2. Historia bak Kystpasset
4. Generell info
6. Fritidsfiske
9. **Turar: Sør**
10. Selekletten
11. Vetén
13. Bestemortreet
14. Lerøy
15. Vorlandstua
17. Tenneneset
18. Skaganeset
19. Brotavarden
20. Indrafjellet/Haganesfjellet
21. Tyssøy
23. **Turar: Midten**
24. Liatårnet
25. Fjellparken
26. Larslivatnet
27. Saltskohavn
28. Nonfjellet
30. Ånesvika (kan padle eller gå)
31. Krabbakjeila (Algrøy)
33. Spjeldsfjellet
34. Havutsikten
35. Nordre Såta / Vindeneskvarven
37. **Turar: Nord**
38. Storskåra
39. Vikåsen på Toftøy
40. Anekletten på Toftøy
41. Dethloffhytta
42. Steinsvatnet
44. Tjeldstø - Hovden
45. Skogsøy
46. Nautnes - Trollvatn
47. Seløy - Gløvrebu
48. Rubbegarnståna
50. Sponsorer
57. Turvett
59. Turprogram Alle
60. Turprogram Seniorer
62. Slik bruker du klippekortet
63. Klippekort



MANGLAR DU UTSTYR TIL TUREN? HER KAN DU LÅNE UTSTYR

BUA FRIHuset – Ågotnes

På BUA kan ein låne det meste til friluftsliv, både sommar og vinter, – alt frå telt og soveposar til ski og skøyter. Alt er gratis til utlån for våre innbyggjarar.

Sund Bibliotek

GPS, telt, liggjeunderlag, kokeapparat gåstavar, refleksvestar og fiskestenger.

Øygarden Bibliotek

Fiskestenger og redningsvestar for vaksne.

Fjell Bibliotek:

Redningsvestar for barn og vaksne, sekk, fiskestenger, slukar.

Utlån til skular og barnehagar:

Lavvoar, bålpanne, håvar, kompass m.m.

BÅLBRENNING

Det er generelt bålforbud i perioden 15. april til 15. september. Dette inneber forbod mot å tenna opp bål og grill i, eller i nærleiken av skog og anna utmark. Brannvesenet kan likevel gje løyve til å tenna opp bål, om du søker om dette. Sjekk alltid kva reglar som gjeld før du tenner opp bål.

TIPS TIL TRYGG BÅLBRENNING:

- Ta omsyn til skogbrannfare og vindtilhøve.
- Det er alltid den som brenn bål som har ansvaret for branntryggleiken.
- Det bør vera ein vaksen, edru person som er ansvarleg for bålet.
- Bålet må vera i god avstand frå busetnaden og vegetasjon.
- Det er ikkje lov å brenna bål på svaberg.
- Bålet må ikkje vera større enn at du har kontroll på det og kan slokke ved behov.
- Ha eigna sløkkeutstyr lett tilgjengeleg.
- Det er forbode å brenna plast, bygningsmaterial og anna søppel.
- Når du forlet bålplassen skal bålet vera heilt sløkt.





DNT SjekkUT


I 2016 lanserte DNT ein ny app som heiter SjekkUT. Denne har vi tatt i bruk, og mange av våre turar ligg her. Når du er i nærleiken av eit sjekkut-punkt vil dette koma opp i appen. Du kan sjå kart som viser kvar du er, og turpostar som er lagt inn i nærleiken. Du kan sjekke inn på turposten med mobiltelefonen, og signere den digitale gjesteboka.

Sotra Øygarden Turlag har fleire SjekkUT-punkt og alle desse finn du i DNT - SjekkUT-appen. Når du går i ei av turløypene sjekkar du inn i appen, og turen blir då registrert på deg. Det er gratis å oppretta ein brukarkonto, og du treng ikkje vera medlem i turlaga eller DNT.

BÅNDTVANG

Som hundeeigar er det viktig at du alltid har hunden under kontroll, både i bandtvangstida og elles. Slik vernar du ville og tamme dyr, og unngår å skremma andre mennesker.

Det er generell bandtvang i Øygarden kommune f.o.m. 1. april t.o.m. 10 oktober.



BARNAS TURLAG / TURBOKLUBBEN

Barnas Turlag har aktivitetar for barn i alderen 0-12 år. Aktivitetane som vert sett opp er gratis og opne for alle.


Turboklubben er eit fritidstilbod for barn i alderen 5-10 år. Det er plass til 20 barn og ein må melde seg inn. Barna må ha DNT-medlemskap for å være med.

Meir informasjon finn de på heimesida:

sotraoygarden.dnt.no – turgrupper – Barnas Turlag / Turboklubben


FRITIDSFISKE

i Øygarden kommune



SØR

MIDTEN




Det er fritt fiske i sjøen og på havet, men med to unntak:

- ♦ Fiske inst i Fjellspollen er regulert grunna krav om fiskekort i Fjellsvassdraget.
- ♦ Fiske innafør 100 meter frå utlaupet av Litlepollen er forbode i perioden 16.09 – 30.06.

Det er som hovudregel ikkje krav om fiskekort for fiske i innsjø/elvar i Øygarden kommune. Vanlegvis er det heller ikkje nødvendig med løyve frå grunneigar til såkalla tålt fiske med stong frå land. Fiske med garn må ha samtykke frå grunneigar.

Det er krav om fiskekort for fiske i Fjellsvassdraget. Dette kan du kjøpa på Statoilstasjonen (Fjell gard) og hjå Sotranot as (Sartor Storsenter).

Fiskeperioden er frå 01.07 – 15.09.



SØR

- 1 Sundsvatnet
- 2 Vorlandsvatnet
- 3 Storavatnet
- 4 Kørelen
- 5 Litlekørelen

MIDTEN

- 6 Kørelen, Kallestad
- 7 Skåleviksvassdraget
- 8 Sandøyana
- 9 Kårtveitpollen
- 10 Vindenesstraumen

NORD

- 11 Svelgesundet
- 12 Rongesundet
- 13 Ormhilleren
- 14 Kaien på Kystmuseet
- 15 Kaien på Hellesøy



Brotavarden



Kausland



Øvre Golten



Nipasåto, Telavåg

FLOTTE TURAR I SØR

Sør i Øygarden er det flott natur og turane som vert presentert her er eit fint høve til å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.

TURAR I SØR	SIDE
Selekletten	10
Veten	11
Bestemortreet	13
Lerøy	14
Vorlandstuva	15
Tenneset	17
Skaganeset	18
Brotavarden	19
Indrafjellet/Haganesfjellet	20
Tyssøy	21



På veg til Veten frå Høyland



Selekletten

Startpunkt	Tofterøy skulehus.
Parkering	Tofterøy skulehus.
Normal gangtid	Ca. 2 timar rundtur. 4,8 km
Høgde	60 m.o.h.
UTM 32 kordinat	Ø 282071 N 6677750
Bok	Ja
Turskildring	Lett kupert terreng i utmark. Selefjellet har restar etter tysk utkikkspost frå 2. verdsrig. Fin badeplass i Skjelevika.





Veten

Startpunkt

Mange startpunkt – dei mest brukte er Stranda skule og Førde.

Parkering

Førde/Stranda skule

Normal gangtid

2 - 3 timar / 4 - 4,4 km t/r (avhengig av startpunkt).

Høgde

284 m.o.h.

Utm 32 koordinat

Ø284514 N6681135

Bok

Ja

Nordsjøløypa

Stranda – Veten – Klokkarvik

Turskildring

Høgaste punkt i kommunen. Turen går på fin sti, men med til dels våte parti. På Veten er det ein kikkert og ei sikteskive retta mot fjelltoppar i nabokommunane.





Bestemortre

Startpunkt	Førdestraumen eller Førde.
Normal gangtid	Ca. 1 time / 2,6 km t/r
Høgde	120 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø285650 N6681200
Turskildring	Lett kupert terreng. God sti og fin utsikt.
Bok	Ja
Parkering	I begynnelsen av Keilavegen (på nedsiden av RV 555) eller Førde.



Lerøy

Startpunkt

Fergekai. Fergerute Hjellestad-Klokkarvik, skyss.no.

Normal gangtid

1 time rundt vatnet. 2,8 km

Høgde

Ca. 50 m.o.h.

Bok

Ja

Parkering

Klokkarvik kai. Gratis ferje for passasjerer.

Ein kan òg bruka båt eller kajakk. Kajakk kan leigast hos Sund kystlag på Klokkarvik.

Turskildring

Asfalt, grusvei og deretter sti gjennom skog, lett terreng.

Badeplass ved sørsida av vatnet. Den gamle kyrkjegarden ligg nord-aust på Lerøy. Sjå kart.





Tenneset

Startpunkt	Goltavegen, Nordsjøløypa.
Normal gangtid	3 timer / 6,6 km t/r. (Frå Telavåg: 3.5 timar / 9,6 kvm t/r)
Høgde	20 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø277550 N6683850
Turskildring	Lett kupert terreng, kan vera litt blautt.
Bok	Ja
Nordsjøløypa	Del av løypetrase Glesvær – Telavåg.
Parkering	Det er ein liten parkeringsplass ved starten på stien. Stor parkeringsplass ved Glesnes skule.





#kystpass 2020

Vorlandstuva

Startpunkt	Vorland (Haugeskulen)
Normal gangtid	Ca. 2 timer t/r 3,2 km t/r (frå Førde ca.3t / 7,4km t/r)
Høgde	190 m.o.h.
UTM 32 kordinat	Ø284200 N6682400
Turskilddring	Kupert terreng, fin utsikt.
Bok	Ja
Parkering	Haugeskulen (Vorland)





T
TUTU

VORLANDSTUO



Skaganeset

Startpunkt

Ta av frå Austre Sundvegen og følg Skogsvågvegen 900m. Ta av til venstre og følg Storhaugen 180m.

Parkering

Ved starten av stien

Normal gangtid

ca. 1 time t/r. 2,6 km t/r

Høgde

5 m.o.h.

UTM 32 koordinat

Ø 284250 N 6688000

Bok

Ja

Turskildring


Variert terreng med godt merka sti og klopper over våte parti. Det er mange steinalderfunn i området, og delar av stien går langs Kvalvågen med rik kvalfangsthistorie. Det er ein del sopp, og særskilt mykje blåbær i området.





Brotavarden


Startpunkt	Telavåg stadion, Nordsjøløypa.
Parkering	Telavåg stadion
Normal gangtid	4 timer / 10 km t/r. (Frå Kallestad: 3 timer/6,6 km t/r)
Høgde	87 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø277980 N6689990
Bok	Ja
Nordsjøløypa	Telavåg–Kjereid–Kallestad
Turskildring	Lettpupert terreng i utmark. Fin badeplass ved Brotet. Gamle fangsthytter.





Indrafjellet/Haganesfjellet

Startpunkt	Haganes
Parkering	Eigen parkeringsplass ved starten på stien, Haganes.
Normal gangtid	ca.1 time ein vei. 2,2 km
Høgde	232 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø285500 N6689600
Bok	Ja
Nordsjøløypa	Del av Nordsjøløypa mot Liatårnet og Fjell festning.
Turskildring	Turen startar i Fjell kommune. Stort sett lett terreng. To parti med bratt stiging.





Tyssøy

Startpunkt	Ved parkering like etter brua
Parkering	Like etter brua
Normal gangtid	1,5 time / 3,4 kvm t/r.
Høgde	5 m.o.h.
UTM 32 koordinat	Ø 287300 N 6689700
Bok	Ja
Turskildring	Følg asfaltveg og grusveg mot Smivågen. Sti frå Smivågen rundt Vestreneset til Skjervika. Lett terreng, god utsikt mot Raunefjorden. Bergen og Omland Friluftsråd har lagt ut kode for TellTur. Sjå også: http://telltur.no/bergen-og-omland-friluftsrad






Ånesvika



Saltskohavn



Krabbakjeila



Nonfjellet



Fiellparken



Dethloffhytta



Havusikten – jettegryte



Larslivatnet

FINE TURAR I MIDTEN

I midten av Øygarden er det flott natur, og turane som vert presentert her er eit fint høve til å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.

TURAR: MIDTEN	SIDE
Liatårnet	24
Fjellparken	25
Larslivatnet	26
Saltskohavn	27
Nonfjellet	28
Ånesvika (Kan padle eller gå)	30
Krabbakjeila (Algrøy)	31
Spjeldsfjellet	33
Havusikten	34
Nordre Såta / Vindeneskarven	35



Liatårnet



Liatårnet

Startpunkt

Haganes

Parkering

Haganes (grusplass på høgre side av vegen).

Normal gangtid

4 timar t/r, 8,8 km t/r

Høgde

341 m.o.h.

UTM 32 koordinat

285024.73Ø 6692445.54N

Bok

Ja

Nordsjøløypa

Del av løypetrase Haganes – Liatårnet.

Turskildring

Det høgaste fjellet på Sotra er eit populært turmål. Med sine 341 meter over havet har du utsikt i alle himmelretningar. Der er fleire startpunkt, men her tar me utgangspunkt i stien som følger Nordsjøløypa frå Haganes. Andre startpunkt er parkeringsplassen ved Fjell Festning, frå Li eller frå toppen av Bildøybakken.





Fjellparken

Startpunkt

Øvre eller midtre del av Bildebakken, Tellnesskogen, Gjerdet eller Nordre Ekrhovda.

Parkering

Ved veien til Vågo, inst ved Vågen, ved Ådrotten.

Normal gangtid

Bildebakken 4,9 km. Tellnesskogen via Vardafjellet 10,9km

Høgde

194 moh

UTM 32 koordinat

284665.55Ø, 6694535.37N

Bok

Nei

Turskildring

Stien er godt merka. Det er sett opp skilt med opplysning om retning og avstand. På vestsida av Bildevatnet er det lagt ein del kloppar på dei våtaste partia. På austsida er det litt meir småkupert. Fin utsikt i alle retningar. Det er fleire stiar i Fjellparken som fører til Bildevatnet rundt. Den kortaste turen er frå toppen av Bildebakken og den lengste turen er frå parkeringsplassen ved Tellnesskogen og vidare via Vardafjellet.





Larslivatnet (Kyrkjevegen Foldnes-Hjelteryggen)

Startpunkt	Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje
Parkering	Parkeringsplassen ved Foldnes kyrkje
Normal gangtid	1,5 time t/r. 5,2 km t/r
Høgde	17 m.o.h.
UTM 32 koordinat	286930.03Ø 6699130.18N
Bok	Ja
Turskildring	Grusa turveg frå Foldnes til Hjelteryggen. Den er universelt utforma, så også rullestolbrukarar kan nytta den fram til Larslivatnet. Drikkevatt og rasteplassar langs vegen mot Hjelteryggen.





Saltskohavn

Startpunkt

Vågo - du kan også starte frå Hjelteryggen.

Parkering

Ved vegen til Vågo, inst ved Vågen, ved Ådrotten.

Normal gangtid

1,5 – 2 timar t/r. 3,4km t/r

Høgde

1 m.o.h.

UTM 32 koordinat

287475.77Ø 6701522.45N

Bok

Ja

Turskildring

Først eit lite stykke på asfaltveg. Etter ca 100 m tydeleg sti ut i marka på venstre side av vegen. Fin utsikt over Hjeltefjorden og vidt utsyn i dei fleste retningar.







Nonfjellet (Møvik/Tveita)

Startpunkt	Austre Skogsfjellvegen (Møvik), evt. ved Kiwi på Møvik
Parkering	Austre Skogsfjellvegen, evt. Møvik
Normal gangtid	ca. 1,5 time t/r. 3,6 km
Høgde	82 m.o.h.
UTM 32 koordinat	280836.53Ø 6693258.42N
Bok	Nei
Turskildring	Start ved parkeringsplassen eit stykke inn i Austre Skogsfjellvegen på Møvik. Eit lite stykke gjennom furuskog, gå gjennom grind og gå over på beitemark. Vis omsyn til dyr på beite. Lat att grinda. Vått på stien, så ta på godt skotøy. Etter ca 1 km over på anleggsveg. Gå ca 50 meter på denne, ta av til stien på venstre side. Ved stor grasslette fortsetter stien på høgre side. Ved neste stiskille, hald til venstre. Gå forbi Langavatnet. Ta til høgre rett før byggefeltet og følg terrenget opp til toppen





Ånesvika

Startpunkt

Algrøyskule

Parkering

Algrøyskule (gange), Storesund (padling)

Normal gangtid

Ca. 1,5 time t/r. **Padling:** Ca 2 timer roleg padling frå Møvik

Høgde

1,5 m.o.h.

UTM 32 koordinat

275820.07Ø 6695947.58N

Bok

Ja

Turskildring

Stien startar ved grind innerst i Storvegen. Følg skilting mot Sandeie. Etter Idlefjell meir kupert terreng. Ta til venstre nede på flaten ved restar av steingard. Vått i stien. Bruk godt skotøy. Turen kan også padlast. Start Møvik eller Syltøy. Enkel kabin (Prosjekt Ometeroverhavet) som man kan leige for overnatting.

Kontakt med Per Erik Aadland på e-post: paadland@gmail.com.

Kajakktulleige: tlf: 41234091







Krabbakjeila (Algrøy)

Startpunkt

Algrøyskule

Parkering

Algrøyskule

Normal gangtid

Ca. 2 timer t/r, 4,6 km t/r frå grinda.

Høgde

13 m.o.h.

UTM 32 koordinat

275413.97Ø 6697176.43N

Turskildring

Stien startar ved grind innerst i Storvegen. Følg skilting mot Trollskogen. Frå Trollskogen, gå vidare mot Elvena. Kryss bekken og fortsett på stien rett fram. Gå til høgre mot blå sti ved skiltet "til raud sti". Stien er godt merka. Ved Minteie, gå du over ei ny bru og opp mot steingarden. Stiskille etter ca 50m. Ta til venstre og følg blå sti heilt ut til Krabbakjeila. Kjekt for barn å leike i fjøra. Turen har ein del våte parti, s å ha på godt skotøy.





Spjeldsfjellet frå Fjæreide

Startpunkt	Ved snuplassen på Fjæreide.
Parkering	Langs vegen nokre hundre meter før snuplassen på Fjæreide.
Normal gangtid	Ca. 1,5 time t/r. 5km t/r
Høgde	165 m.o.h.
UTM 32 koordinat	6701395.47N 281080.19Ø
Bok	Ja
Turskildring	Flott sti med over 40 klopper over dei våte partia, laga av Sotra- og Øygarden turlag. Stien er ein del av Nordsjøløypa. Spjeldsfjellet ragar 165 m.o.h over Spjeldsbygda. Utsikt i alle himmelretningar.





Havutsikten/Polleide

Startpunkt

Parkeringsplassen ved Kårtveitpollen friluftsområde.

Parkering

Parkeringsplassen ved Kårtveitpollen friluftsområde.

Normal gangtid

ca. 1,5 time t/r, 2,8 km t/r

Høgde

42 m.o.h.

UTM 32 koordinat

278271.93Ø 6702691.11N

Bok

Ja

Turskiltring

Stien startar på svaberget ved parkeringsplassen. Etter første haugen ser ein varden. Klopper på dei våtaste partia. Flott utsikt og benker rundt varden. Sør-vest for Havutsikten ligg det ei stor jettegryte. Merka med blått kryss på kartet, ca 650 m vidare på sti etter Havutsikten. Badeplass og gapahuk ved Kårtveitpollen friluftsområde.






Nordre Såta / Vindeneskvarven

Startpunkt	Parkeringsplassen ved bedehuset på Vindenes
Parkering	ed bedehuset på Vindenes. (hugs at dette også er snuplass for buss)
Normal gangtid	2 timar t/r. 6,7 km t/r
Høgde	44 m.o.h.
UTM 32 koordinat	279296.16N, 6708924.81N, Ø
Bok	Nei
Turskiltring	Stien er ein del av Nordsjøløypa. Følg merking med Nordsjøløype frå bedehuset. Etter første grind, hald mot venstre og gå over ei lita bru. Vis omsyn til sauer på beite. Lat att grinda. Etter omlag 1 km er det open mark med furuskog til venstre. Gå opp til furuskogen og følg skogsveg vidare. Ved stiskille tek ein til høgre. Følg stien heilt nord til Vindeneskvarven. Flott utsikt mot Hjeltefjorden og nordre Askøy.






Steinsvatnet rundt



Anekletten




Skogsøy



Gløvro



Tjeldstø - Hovden turløype





Dethloffhytta

FLOTTE TURAR I NORD

Nord i Øygarden har flott natur, og turane som vert presentert her i Kystpasset er eit fint høve for deg å verta kjent med dette området. Turane passar for både store og små.



Skogsøy

TURAR I NORD		SIDE
Storskora		38
Vikåsen på Toftøy		39
Anekletten på Toftøy		40
Dethloffhytta		41
Steinsvatnet tursti		42
Tjeldstø - Hovden		44
Skogsøy		45
Nautnes - Trollvatn		46
Seløy - Gløvrebu		47
Rubbegarnståna på Hellesøy		48



Storskora

Startpunkt**Parkering****Normal gangtid****Bok****Turskildring**


Du ser inngangen til stien 100 m før du kjem til parkeringsplassen.

Parkeringsplassen på øya

1,5 timar / 2,5 km t/r

Ja, ved fyrlykta.

På sørsiden av vegen er det i dag ei fin badevik, denne blei i eldre tider brukt som kastevåg. Denne øya blei brukt til vinterbeite for værene før brua kom. Nord på øya står ei fyrlykt og du kan sjå ut mot Skråpen kor dei hadde laksenot før i tida. I dag er det Skåraberget, berget lengre nord som er laksenotplassen. Storskora er ein fin tursti og det er fine klatremoglegheiter på vestsida av øya. For dei som ønskjer å fiske finnes det mange gode fiskeplassar frå land.





Vikåsen på Toftøy

Startpunkt

Parkering

Normal gangtid

Bok

Turskildring

Kryss vegen og gå 200 m nordover til inngangen av Vikåsen tursti.


Ved Teknologisenteret

Ca 2,5 - 3 timar.

Ja

I Vikåsen kan ein gjera fleire små tursløyfer, frå 1,5 til 5 km lange.

Fleire av turane er merka med nordsjøløypelogoar. Hovudinn-
gangen til turstiane er ved rv. 561, rett vest for Vik gard. Det er sett
opp informasjonsskilt der stien startar, rett på innsida av bomvegen
som fører til det kommunale vassverket ved Stegevikvatnet.





Anekletten på Toftøy

Startpunkt

Torsvik

Parkering

Ved Torsvik elektriske

Normal gangtid

1,5 time

Bok

Ja

Nordsjøløypa

Ja

Turskildring

På austsida av vegen er det ei tavle med informasjon på fleire språk om denne delen av Nordsjøløypa. Turen er merka med nordsjøløypelogoar. Ein går austover ut i utmarka, i Årdalsåsen, og dreiar sør og opp på utsiktspunktet Anekletten, 60 moh. Her kan ein sjå uendeleg horisont i vest, Alden i Sunnfjord i nord og Ulriken og Fløyen i sørøst.





Dethloffhytta

Startpunkt

Ono

Parkering

Langs vegen der stien startar.

Normal gangtid


1 time

Bok

Ja

Turskildring

Turen på Ono går ut til vestsida av øya. Dette er ein fin og lett tur, i relativt flatt terreng. Mange brukar å gå tur ut til vestsida av øya og sette seg på dei blankskurte svaberga nede ved sjøen. Du kan og ta med fiskestang og fiske frå land her ute.





Steinsvatnet tursti

Startpunkt

Flåten

Parkering

På Flåten.

Normal gangtid


1,5 time

Bok

Ja

Turskildring

Rundløype på 4,8 km, som startar og sluttar på Flåten ved Bakstehuset i Blomvåg, Flotevegen 53. Stien er ein type sauetråkk - variert. Nokre stadar vått og myrete terreng, men siste 2,5 km er asfaltert veg.





Tjeldstø-Hovden

Startpunkt

Bedehuset Tjeldstø

Parkering

Bedehuset på Tjeldstø

Normal gangtid


3,5 timar

Bok

Ja

Turskildring

Busstopp på høgre side av vegen der det er ei informasjonstavle over flora og fauna i området. På andre sida av vegen ser ein den merka stien som går gjennom planfelt i nordvestleg retning til eit utkikspunkt ved Beinbrotet. Flott utsikt mot vest, ut i havet.





Skogsøy

Startpunkt

Parkering

Normal gangtid

Bok

Turskildring

Herdlevær

Langs vegen, rett før brua til Herdlevær.

1,5 time

Ja

Langs stien er det god utsikt mot havet i vest. Frå Skogsøytuva er det eit flott rundskue, og frå varden ser ein havets krefter. Hugs å halde god avstand, dønningane kan kome langt opp. Skogsøy er og ein mykje brukt fugleobservasjonspost, for å studera haust- og vårtrekket.





”

Glede ved alt
som ligg bak
så nær



Nautnes - Trollvatn



Nautnes-Trollvatn

Startpunkt

Nautnes

Parkering

Ved ungdomshuset på Nautnes

Normal gangtid

1,5 time

Bok

Ja

Turskildring

Gå tilbake langs etter vegen ca 400 m for å kome til busstoppet på Nautnes der stien startar. Ta av frå hovudvegen og inn ein sideveg på vestsida av vegen, i retning Nautnesvågen. Gå langs bygdevegen til du kjem til ein privat veg. Løypa går på veg frametter mot eit hyttefeltet som ligg på nordsida av Nautnesvågen, vakker utsikt over havet.





Seløy, Gløvrebu

Startpunkt

Bakken gravplass

Parkering

Ved gravplassen

Normal gangtid


1,5 time

Bok

Ja

Turskildring

Du går frå gravplassen gjennom ei grind og følger merka sti heilt fram til Gløvrebu. Stien er lett å gå, litt kupert gjennom skogen og når du kjem ut av den opnar det seg eit fantastisk utsyn over havet med holmar og skjær. Følg stien vidare til gapahuken Gløvrebu. Her er det satt opp bålpanne og små ildstader.





Rubbegarnståna på Hellesøy

Startpunkt

Startpunkt Hellesøy kai

Parkering

Utanfor kafeen på Hellesøy kai.

Normal gangtid


1,5 time

Bok

Ja

Turskildring

Gå tilbake ca. 100 m, og ta vegen inn til venstre ca. 300 m forbi byggefeltet, til ein kjem til ein benk med bord på venstre side av vegen. Her startar ein godt merka sti ut til Rubbegarnståna, heilt nord i Øygarden. Ein kan gå tilbake same veg, eller følge stien som ein rundttur. Då kjem ein tilbake ved vegen lengre sørøst på Hellesøy.



KALLESTAD TRANSPORT AS

tlf: 932 19 288

**Sund Apotek ♦ Sundsenter**

Åpningstider: man-fre 09-17
lørd 10-15



TLF 951 87 323 / 971 10 336



Kaien Håkonsund - 56338650 • Sund Senter - 56337444



BØRNES & FOSSE SNEKKERVERKSTED AS
Storbotn Næringspark 54 • Tlf: 56 33 96 30
www.vestlandstrappen.no



Bestill fra din smarttelefon: 56 33 70 70
Last ned appen FixIT Timebestilling
fra App Store eller Google play

5382 Skogsvåg - Tlf. 56 33 77 22 - www.collegium.no



Salg av filet, lettsaltet og røykt fisk.
Tlf: 56 33 82 92 • Mail: telavagfisk@online.no



51

Sotra Seafood a.s



PANORAMA
HOTELL & RESORT

www.panoramahotell.no | tlf: 56 31 90 00



**B TELLE
TREARBEID AS**

Et selskap i Telle Gruppen

SUND BILSERVICE
AutoMester KAUSLAND tlf. 56 98 80 80
E-post: sundbilservice@automester.no
bilverkstedkjeden



KLEPSVIK MAT AS
8-21 (9-20)

**SARTOR
STORSENTER**

REMA 1000

SKOGSVÅG
06-23 (07-22)

Åpent kvar dag heile året!



Tlf. 56 33 90 80 Mob. 951 03 394 www.glesvaer.no



**FORLAND
AUTOSENTER AS**

TLF: 56 31 41 00





Midtstegen, 5382 Skogsvåg Tlf. 56 33 74 50



Tusen takk til våre sponsorar!

Dykkar bidrag er viktig i arbeidet vårt med å få flest mogleg ut på tur. Turglede er viktig for å skape forståing av verdien av å ta vare på vår vakre kystnatur.



MILJØVETTREGLENE

#1 Reis mindre, opplev meir

«Jo kortare du reiser, jo meir tid får du til sjølve turen. Finn ut kva turområde du har i nærleiken, og bruk dei. Då vert det enklare å planlegge og gjennomføre turar. Tida du sparar på reising kan du bruke på å oppleve, nyte og utforske naturen. Når du først reiser, reis miljøvenleg.»

#2 Sats på opplevingar, ikkje utstyr

«Kjøp brukt, lån av vener og ta godt vare på det utstyret du har, så det held seg år etter år. Bruk utstyret som eit virkemiddel for gode opplevingar, men hugs at utsikta ikkje vert betre med årets modell av skalljakka. Kjøper du mindre, og brukt, sparar du både miljøet og lommeboka.»

#3 Fiks alt, alltid

«Gjer gaffateip, ståltråd og lommekniv til fast inventar i tursekken. Mykje kan reparerast, og det finst reservedelar til både utstyr og klede. Ta kontakt med produsenten, så kan det hende dei hjelper deg heilt gratis.»

#4 Et grønt

«Det er viktig å få i seg nok næring på tur. Å ete grønt er bra både for miljøet og helsa. Reduser kjøttinntaket, og bidra til å minske utslipp av klimagassar, frigjere jordbruksareal, avgrense avskoging og bidra til ein meir dyrevenleg kjøttproduksjon.»

#5 Samkøyring er bra køyring

«Viss du må reise langt for å kome deg på tur, bruk god tid på planlegging av turen. Finn den mest miljøvenlege reisemetoden, enten det er samkøyring eller kollektivtransport.»

#6 Ver rusta mot uventa søppel

«Det tek rundt 450 år før ei plastflaske blir broten ned i naturen. Ta med ein ekstra pose, eller hald av ei lomme i sekken til søppel.»

#7 Syn veg, ver eit klimaførebilete

«Ver ein del av klimaløysinga, ikkje problemet! Ha respekt for naturen og dei moglegheitene den gjev oss. Gå føre og syn dei rundt deg kor enkelt det er å gjere kvardagen og turlivet meir miljøvenleg. Då vil også komande generasjonar ha moglegheita til å nyte den same naturen.»



Ånesvika - Algrøy



Liten og stor frå 4-fjellsturen 2019

>>

Å kjenne på
vêr og vind





”
*Turgledespiren
vert sådd*

Krabbekjeila



Golta

TURVETT

Nærtur

- Sei ifrå kvar du har tenkt deg på tur
- Lytt til dei som har gått turar før deg
- Ha respekt for vêr og vêrmelding
- Ha respekt for gjerde og steingardar
- Ikkje kast søppel i naturen, plukk opp viss du ser noko
- Ta med drikke
- Ha godt fottøy
- Ta med nok klede, bles det er det viktig med noko som er vindtett
- Skal du i båt må du ha med godkjent flyteplagg, lær trafikkreglane til sjøs.

For meir informasjon, sjå:
www.helstute.com

Barn

- Planlegg turen saman med barna
- Sett av tid til undring
- Gå ut i dårleg vêr, det blir gode minner
- Leik, du er vaksen og har lov til det
- Ikkje snu med ein gong, barn klarar meir enn du trur
- Ha alltid med ekstra «bensin» til barna
- Lukt på mose, bruk alle sansane
- Førstehjelpsutstyr, varme klede og nok mat og drikke høyrer alltid til
- Få hjelp undervegs, barna likar å bidra
- Mål suksess i antall timar ute, ikkje km
- Skryt oppriktig av barna
- Ta pausar undervegs
- Tenk tryggleik - er du i tvil så er du ikkje i tvil



Perlene i Nordsjøløypa (Nye PiN)

«Nye PiN» har fått midlar frå fylkeskommunen til å vidareutvikla «Perlene i Nordsjøløypa». Grunngevinga er at Nordsjøløypa kan vera den felles raude tråden i arbeidet med identitetsbygging rundt kystkultur i Øygarden. Kommunen har tatt utgangspunkt i erfaringar som var gjort i Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet. Nyleg vedtekne kulturminneplanar har formidling av kulturarv og friluftsliv som prioriterte mål og utgjer grunnlaget og utgangspunktet for Nye PiN.

Det er behov for mykje tilrettelegging av stiane, skilting og informasjonsarbeid som skal gjera det tryggare for folk å koma seg ut på tur. Kystpasset som viser til www.ordispor.no vil skapa auka interesse for å oppsøkje dei turløypene som alt er filma.

Kommunen ser fram til eit godt samarbeid med Sotra Øygarden Turlag og andre frivillige lag i prosjektet. Det same gjeld Museum Vest og kultur- og naturbaserte næringsaktørar. Saman kan vi tilretteleggja ferdsselsvegane og skapa gode opplevingar både for innbyggjarane og reiselivet.

God tur!

Ved interesse, ta kontakt med Laila Klemetsaune på:
Laila.Klemetsaune@oygarden.kommune.no



**DET LIGGI I
 VÅR NATUR
 Å VERA UTE**

SØNDAGSGRUPPA

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
AVLYST 08.03	Keipen - Heimanpådalsbua - Goltavegen	Nye gravplassen på Kausland, kl 10.30	 2,5 - 3 t
AVLYST 22.03	Hjelme kyrkje-Rubbegangståna- Hj. kyrkje	Hjelme gml. kyrkje, kl 10.30	 3 t
AVLYST 05.04	Fjæreide - Sautjellet - Fjæreide	Park.plass Fjæreide, kl 10.30	 3 t
AVLYST 19.04	Vorlandstua frå Vorland	Haugeskulen v/ Vorland, kl 10.30	 2,5 - 3 t
03.05	Kallestad - Kjæreidet - Bråtet - retur	Grendahuset på Kallestad, kl 10.30	 3,5 - 4 t
10.05	7 - fjellstur, Haganes - Spjeld	Park. pl. Haganes, kl 09.00.	 8 - 9 t
24.05	Gløvrebu gjennom Hjelmemarka	Gravpl. nedanfor Hjelme nye kyrkje, kl 10.30	 3 t
07.06	Over Vidda (Bergen). Sesongslutt m/middag.	Park.pl. v/ Øygarden rådhus (Straume), kl 10.00	 3 - 5 t
06.06	Bølgekraftverket via Anekletten	Torsvik elektriske, Torsvik, kl 10.30	 3 t
20.06	Lynghovda - Grana frå Telavåg	Park. v/ Telavåg skule, kl 10.30	 2,5 - 3 t
04.10	Rundtur i Kanadaskogen	Park.pl. v/ Øygarden rådhus (Straume), kl 10.00	 2,5 - 3 t
18.10	Skogsøy i Øygarden	Ved brua mot Herdlevær, kl 10.30	 3,5 - 4 t
01.11	Bildøybk. - Bjørkedalen - Fjell festning - retur	Park. på toppen av Bildøybakken, kl 10.30	 3,5 - 4 t
15.11	Storaskjenet, Skogsvåg	Park. v/ Sundhallen, kl 10.30	 2 - 2,5 t
29.11	Smalaneset - Krabbekjeilo - Trollskogen, Algrøy	Algrøy skule, kl 10.30	 2,5 - 3 t

TIRSDAGS- & ONSDAGSGRUPPA

Tirsdagsgruppa
 Onsdagsgruppa

VÅREN 2020 / SOTRA ØYGARDEN TURLAG

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
31.03	Børnestangen	Nedre Børnes kl. 10.30	3 t
01.04	Gjerdet, Bankesteinen, Kanikahaugen m.m.	Fjell kyrkje kl. 10.30	3-5 t
14.04	Lutatangen	Nedre Børnes kl. 10.30	3 t
15.04	Siglingavatnet rundt, Askøy	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
21.04	Byvandring	Hald Stadion kl. 10.30	3-4 t
22.04	Siglingavatnet rundt, Askøy	Fjell kyrkje kl. 10.30	4.5 t
28.04	Øvstakken	Hald Stadion kl. 10.30	3 t
29.04	Høybøen, Vindenes	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
05.05	Kleppaksla/Storevarden	Kleppe kl 10.30	3 t
06.05	OPPTUR – tur ut i marka for skuleelevar - 8. klassingar.		Ikke seniortur
12.05	Lynghovda/Grana	Telle kl 10.30	3 t
13.05	Kallestad-Brotavarden	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
19.05	Selekletten/Selefjellet	Tofterøy skule kl 10.30	3 t
20.05	Tyssøyna	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
26.05	Øvre Golta	Nedre Golta kl 10.30	2 t
27.05	Bjørkedalen mot Bildevatnet	Fjell kyrkje kl. 10.30	3-4 t

Turar vert avlyst fram til 1. mai, eller så lenge det er fare for Koronasmitte. Følg med på Facebook.

RUTINAR FOR ALLE SOM GÅR PÅ TUR MED SENIORGRUPPA:

KLE DEG ETTER VERET: Spesielt i vinterhalvåret er det viktig å ha ytterklede som held vind, kulde eller regn ute. Fottøy som held vatn ute er nødvendig for ikkje å bli våt og kald.

VIKTIG Å HA I SEKKEN: Ekstra genser og strømpeskift. Mat og drikk. Om vinteren er også vottar/hanskar, hue og broddar viktig å ha med. **Turleiar kan avvise ein turdeltakar før turen startar om klede, fottøy eller utstyr ikkje er tilfredsstillande i høve til vær og føre.**

GODE VANAR PÅ GRUPPETURAR ER: Gruppa skal gå samla, turleiar fremst og bakerst, det skal gjevast beskjed til turleiar dersom ein forlet gruppa. Ein må akseptere at ikkje alle går like fort og bidra til at alle får pause. Hjelpe kvarandre når det trengs. Alle deltek på eige ansvar.

LES MEIR OM TURANE PÅ: sotraoygarden.dnt.no,
og følg: **Sotra Øygdagen Turlag** på Facebook.

02.06	Laksen/Stordalen	Hald Stadion kl. 9.30	2-3 t
03.06	Dagstur til Voss med buss. OBS:Påmelding!	Straume terminal kl.08.00	Dagstur
09.06	Oppstemten	Hald stadion kl 09.30	3 t
10.06	Kårtveit	Fjell kyrkje kl. 10.30	
16.06	Arboretet	Hald stadion kl 09.30	Dagstur

HØSTEN 2020 / SOTRA ØYGARDEN TURLAG

DATO	TURMÅL	OPPMØTESTAD/TID	VARIGHEIT
16.-21.08	Tur til fjells – Golsfjell Fjellstue	OBS! Påmelding	5 dager
25.08	Risøyna	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
26.08	Sotra Arena-Idrettsparken-Gavlen	Hald Stadion, kl. 10.30	3,5 t
01.09	Smøråsfjellet	Hald Stadion, kl. 09.30	3 t + kjøring
02.09	Lyderhorn	Fjell kyrkje kl. 09.00	5t + kjøring
08.09	Veten fra Førde	Førde kl 10.30	2 t
09.09	Foldnes Vest	Fjell kyrkje kl. 10.30	3,5 t.
15.09	Lerøy	Klokkarvik kai kl 12.40	4 t
16.09	Solbakkafjellet frå Gymmeland	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
22.09	Tyssøy	Hald stadion kl 10.30	2-3 t
23.09	Kallestad, langs Storavatnet	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
29.09	Steinsvatnet tursti-Blomvågen	Hald stadion kl 10.30	2 t
30.09	Tenneset, natursti	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
06.10	Litårnet- Haganesfjellet	Hald stadion kl 10.30	3 t
07.10	Hautferie/Dugnad	Bli med på dugnad!	lkkje seniortur
13.10	Gardafjellet	Hald stadion kl 10.30	3 t
14.10	Spjeldsfjellet	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
20.10	Ormhilleren	Hald stadion kl 10.30	2 t
21.10	Lokøyna rundt Storavatnet	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
27.10	Forland rundt	Spar kl 10.30	3 t
28.10	Algrøyna, Krabbakjeilo	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
31.10	Sandeide-Algrøy	Hald stadion kl 10.30	4 t
04.11	Skogsøy rundtur	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
10.11	Saltskohavn	Hald stadion kl 10.30	2 t
11.11	Vikåsen rundt	Fjell kyrkje kl. 10.30	4 t
17.11	Skaganes	v/ turstart Storhaugen kl 10.30	2 t
18.11	Havutsikten frå Kårtveitpollen	Fjell kyrkje kl. 10.30	3 t
24.11	Glesnes rundt	Glesnes kai/rorbu kl 10.30	1-2 t
25.11	Saltskohavn frå Foldnes kyrkje	Fjell kyrkje kl. 10.30	5 t
02.12	Avslutning av turåret Juleavslutning	For alle. OBS! Påmelding	ca.3-3,5t.

Slik brukar du klippekortet:

Kvar gong du gjennomfører eit av dei 30 turmåla i dette heftet vil du ved turmålet finna holtanga, som du klipper eit hol i dette klippekortet med.

Skriv deg gjerne inn i turboka som ligg i postkassa ved turmålet. Legg du ut eit bilete på instagram, hugs å leggja til emneknagg: # kystpass 2020. Når du har gått 7 turar, eller fleire, kan du levera klippekortet på s. 61 på Sund, Fjell eller Øygarden folkebibliotek eller leggja det i bokkassa utanfor biblioteka innan 01.03.2021. Då vert du med i trekninga av mange flotte premiar!

Det blir trekt ut vinnare av alle som leverer inn klippekort, og hovudpremien vert i tillegg trekt blant DNT medlemmer. Hugs å kryssa av dersom du er medlem. Kystpasset får du hos Biblioteka, Rådhusa, Rong senter, Sartor senter, Sund senter, bensinstasjonar, helsestasjonar og dagligvarekjedar.

Det blir òg trekt premiar blant dei som har sjekka minst 7 turar inn digitalt på SjeckUT (sjå s.5 for info om SjeckUt).

NIVÅ PÅ TURANE



ENKEL



MIDDELS



KREVJANDE

Neste nivå er ekspert, slike turar har vi ikkje i Øygarden Kommunen.



Gla´ hopp på Algrøy



Veten

Bestemortreet

Tenneset

Brotavarden

Tyssøy

Vorlandstuva

Selekletten

Skaganeset

Lerøy

Indrafjellet/
Haganesfjellet

Krabbakjeila

Saltskohavn

Havutsikten

Ånesvika

Liatårnet

Nordre Såta/
Vindeneskvarven

Spjeldsfjellet

Nonfjellet

Larslivatnet

Fjellparken

Vikåsen, Toftøy

Seløy, Gløvrebu

Nautnes - Trollvatn

Tjeldstø - Hovden

Skogsøy

Dethloffhytta

Anekletten, Toftøy

Storskora

Steinsvatnet

Rubbegarnståna

Namn

Adresse

Alder

Telefon

e-post

Er medlem i DNT lokallag.

Alle som leverer inn klippekort på Sund-, Fjell- eller Øygarden folkebibliotek innan 1. mars 2021, er med i trekninga om fine premiar! DNT medlemar (enkelt-medlem eller familiemedlem) er i tillegg med i trekninga av ein hovudpremie. Bli medlem på sotrøygarden.dnt.no



Tyssøy



Grafisk formgivning: Trykk: BODONI

KLIPPEKORT



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

30 TURMÅL FOR STORE OG SMÅ!

Lever inn side 63 til Sund-, Fjell- eller Øygarden folkebibliotek eller legg det i bokkassa utanfor biblioteka innan 01.03.2021, så er du med i tekniga.

Trekning blir kunngjort på nettside og facebook, både for Kystpass og SjekktUt.

FØLG OSS GJERNE FOR MEIR INFORMASJON OM TURAR,
PREMIAR OG ARRANGEMENT.

Sotra Øygarden Turlag

Facebook: <https://www.facebook.com/sotraoygarden/>

Heimeside: <https://sotraoygarden.dnt.no/>

Sotra Øygarden Turlag

